

Planområde 3			
Tiltak	Argument for tiltak	Konsekvenser for å gjennomføre tiltaket	Kostnad/ innsparing
Avslutte/ redusere samarbeid			
Flytte KAD-plass til Tokke (KAD=kommunal akutt døgnplass)	Vedtak om avslutta samarbeid med Vinje frå 01.01.26		(800.000)
Avslutte samarbeid med Rask Psykisk helsehjelp 1 års oppseiingstid	Eit svært godt førebyggjande tiltak for personar med lette til moderate psykiske plager. Uheldig å gå ut av interkommunale samarbeid i Vest-Telemark.	I løpet av 2024 fekk 27 pasientar frå Tokke hjelp frå RPH. Å gå ut av samarbeidet vil føre til ein auka belastning på lokale tenester, som td. psykisk helse og rus og fastlege, som igjen kan gje lenger ventetid og lengre sjukemeldingar og behov for meir omfattande tenester.	600.000
Auka samarbeid			
Jordmorteneste – vertskommune		Eiga sak som skal til politisk behandling i haust	Ca. 100.000
Tenestereduksjon			
Redusere stillingsnorm på institusjon frå 1,0 til 0,91 ved at sjukepleiarteamet bemannar korttid og KAD på	Forutset at me fortsett med sjukepleiarteamet som i dag.	Ved å låse ein sjukepleiar til korttidsavdelinga blir sjukepleiarteamet meir sårbart. Reduksjon av stillingsnorm kan føre til redusert kvalitet på tenestene, herunder mindre tid per tilsyn, lengre responstid på alarmer og risiko for at behov ikkje blir	2 700 000

dag og kveld. Kan gje innsparing på 3 stillingar.		fanga opp i tide. Det kan også føre til auka arbeidsbelastning og stress for tilsette, høgare sjukefråver og enda større rekrutteringsutfordringar.	
Fjerne demenssjukepleiar (20% stilling)	Ikkje lovpålagt. Demenssjukepleiar har ansvar for å støtte og koordinere tenester for pasientar med demens og deira pårørande, avlaste og samarbeide med fastlegar ift utgreiing og oppfølging	Redusert kvalitet på kommunens demensomsorg, auka belastning på anna helsepersonell som fastlege, heimeteneste og institusjon, manglande koordinering og oppfølging av pasientar og pårørande, auka risiko for innlegging på sjukehus/sjukeheim og vedvarande behov for høgare omsorgsnivå, samt tap av kompetanse og fagutvikling	170 000 Tilrårder ikkje
Reduksjon konsulent på helsestasjon (50% stilling)	Konsulentstilling går ikkje under kjernekompetanse på helsestasjon. Oppgåvene må fordelast på tilsette på helsestasjon og konsulent i helse og omsorg.	Tap av kompetanse og kontinuitet, svekka oppfølging av sårbare barn og familiar og større arbeidsbelastning på helsesjukepleiar	370 000 Tilrårder å avvente naturleg avgang
Redusere stilling tilknytt COS-p frå 50-25%	COS-p er eit svært godt tilbod til foreldre i kommunen.	Mindre ressursar til foreldrerettleiing kan føre til svekka foreldreferdigheiter, auka stress og konflikt i familiar og negativ påverknad på tilknytning, samt auka risiko for utvikling av åtferdsvanskar hos barn. Tiltaket må prioriterast til dei som treng det mest.	250 000
Fjerne diabetessjukepleiar (20%)	Ikkje lovpålagt tilbod.	Auka belastning på fastlegane og hjelpepersonell, dårlegare oppfølging av diabetespasientar, auka	175 000

	Diabetessjukepleiar har bla. ansvar for oppfølging og rettleiing av pasientar og evt. pårørande, utføre kontrollar og prøvetaking, samt koordinering og samhandling med andre instansar.	risiko for komplikasjonar og høgare omsorgsnivå, redusert meistring av eigen sjukdom.	
Redusere fysioterapiteneste privat tilskot	Reduksjon av 80% tilskot. Administrasjonen gjekk inn for 100% tilskot, ikkje for 180%.	Lenger ventelister og hardare prioriteringar, som kan føre til lengre sjukemeldingar, redusert tilgjenge, dårlegare helse for pasientane og auka belastning på anna personale.	462 000
Redusere fast stilling fysioterapi	Reduksjon 50% stilling Kommunen søker om og mottar fastlønstilskot for fysioterapeutar. I 2025 er det kr 262 584 for ein 100% stilling. Ved 50% reduksjon halverast også dette tilskotet. Den reelle innsparinga vert derfor mindre enn	Tokke kommune arbeider for å lyse ut flest mogleg fulle stillingar. 50% stilling som fysioterapeut er lite attraktiv. Lengre ventelister Dårlegare tilgang på rehabilitering, som kan gje auka omsorgsbehov for brukar/pasient Auka belastning på andre tenester Auka belastning på personale	283 708 (415 000-131 292=283 708) Tilrårder ikkje

	summen av eit halvt årsverk.		
Reduksjon av 50% stilling på kjøkkenet	Matombringing til heimebuande er ikkje ei lovpålagt oppgåve.	Reduksjon av matombringing til heimebuande vil gje større risiko for underernæring og vil for mange på kort og lang sikt utløyse behov for høgare omsorgsnivå. Ingen tilbod om catering, møtemat osv. Ingen matsal for personale. Mange tilsette arbeider lange vakter og/eller på ugunstige tider og har ikkje moglegheit til å kjøpe mat. Redusert matkvalitet.	370 000
Redusere 1 årsverk i heimetenesta	Heimetenesta er eit satsingsområde, ref. Bo trygt hjemme-reformen	Reduksjon av stillingsnorm kan føre til redusert kvalitet på tenestene, herunder mindre tid per tilsyn, lengre responstid på alarmar og risiko for at behov ikkje blir fanga opp i tide. Det kan også føre til auka arbeidsbelastning og stress for tilsette, høgare sjukefråver og enda større rekrutteringsutfordringar.	900 000 Tilrårder ikkje
Reduksjon kreftpoliklinikk	Redusere frå 40% til 20% stilling Ikkje lovpålagt Kreftpoliklinikken er eit særst godt tilbod til ei sårbar pasientgruppe, som elles ville hatt lang reiseveg for å få kreftbehandling. Utfører også oppgåver for kommunen.	Må utgreiast meir i samarbeid med Vinje og STHF. Foreslår å gå frå 2 til 1 behandlingsdag. Pasientar får lengre reiseveg Meir belastning på legekontor	180 000

Reduksjon av 30% stilling i psykisk helse og rus	Psykisk helse og rus er eit nasjonalt satsingsområde og tilstrekkeleg bemanning er viktig for fagleg forsvarlegheit, kvalitet og pasienttryggleik.	Redusert oppfølging av kronisk psykisk sjuke pasientar som kan gje meir utagering og vald Lenger ventetid Redusert gruppetilbod Redusert oppfølging av barn og unge Meirarbeid for fastlege, heimetenesta, institusjon, helsestasjon. Dette må sjåast i samanheng eventuell nedlegging av DPS i Seljord.	225 000 Tilrårder ikkje
Oppseiing av lille BABU		Ingen konsekvensar	60 000
Ta vekk 1 bil på Åheim		Kontrakten må evt gå ut leasingperioden (2027..?)	120 000
Vurdere oppseiing av Veilederen			60 000
Total innsparing			7 025 708 (+800 000)
Vurdering av samarbeid med andre kommunar om:			
Reisevaksinering			
Sesongvaksinering			
Ergoterapi			
Fysioterapi			
Helsestasjon og skulehelseteneste			